

Slik blei hava til

TEKST: TROND RØDVIK

Har du tenkt på kor alt vatnet på jorda kjem frå? Ein har lenge trudd at jorda i barndommen blei bombardert av isfylte kometar og asteroidar. I møte med jorda blei is til vatn og fylte opp verdshava. No meiner amerikanske forskarar at vatnet ikkje har kome ovanfrå i det heile. Blikket må vendast nedover. Mot det indre av jorda. Det er nettopp der verdshava kan ha blitt fødde.

Vi må langt tilbake i tid. For 4,5 milliardar år sidan var jorda framleis ei

uferdig, glødande eldkule. I ei suppe av flytande lava sokk tunge metall inn mot midten. Lettare mineral la seg som ei kappe rundt jorda. Denne kappa kallar vi mantelen, og ho inneheldt berre ein prosent vatn. Men det var meir enn nok til å skape enorme verdshav. Mange hundre meter djupe hav.

Mantelen byrja etter kvart å størkne innanfrå. Den einslege prosenten med vatn blanda seg ikkje med minerala,

men pipla derimot utover i jordskorpa. Ute i fri luft venta ekstrem varme og eit høgt trykk. Varmen fekk vatnet til å fordampe, og trykket heldt dampen i atmosfæren rundt jorda på plass.

I løpet av nokre titals millionar år fall temperaturen. Dampen blei til vatn, og vatnet fylte store og små holrom i den rykande ferske jorda. Verdshava blei sakte, men sikkert til.

Alt om promp

TEKST: BÅRD AMUNDSEN

Hvor mye promper vi egentlig? Promper jenter mindre enn gutter? Lukter guttepromp verre enn jentepromp? Er det sant at filmstjerner ikke promper?

Både ordentlige forskere og amatør-forskere har engasjert seg i promping. De fleste spørsmål du kan tenke deg å komme på om promping, har noen undersøkt og mener å ha svar på. Et nettsted med slike svar heter «Facts on farts» (Fakta om promping). Du finner det ved hjelp av Google.

Er du en gjennomsnittsperson, så promper du 14 ganger om dagen og slipper ut en halv kilo gass. Jenter promper like mye som gutter (men er kanskje flinkere til å gjøre det stille). Noen forskere mener at jentepromp faktisk lukter verre enn guttepromp, men fordi jenteprompene er mindre enn gutteprompene, så går det omtrent ut på det samme.

